



**Verneområdestyret  
Setesdal Vesthei,  
Ryfylkeheiane og  
Frafjordheiane**

## **Møteinnkalling**

---

<b>Utvalg:</b>	<b>AU i verneområdestyret for SVR</b>
<b>Møtested:</b>	Teams
<b>Dato:</b>	19.03.2021
<b>Møtegodtgjørelse</b>	1 time

---

Eventuelt forfall må meldes snarest på tlf. 48044583. Vararepresentanter møter etter nærmere beskjed.

## Saksliste

<b>Utvalgs- saksnr</b>	<b>Innhold</b>
AU 17/21	Godkjenning av innkalling og saksliste
AU 18/21	Val av en representant til å skrive under møteprotokollen saman med styreleiar
AU 19/21	Orienteringssaker
AU 20/21	Søknad om dispensasjon til kjentmannsturar i Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane og Frafjordheiane landskapsvernområder, Sirdal kommune - Øvre Sirdal Leitegruppe
AU 21/21	Eventuelt

**AU 17/21 Godkjenning av innkalling og sakliste**

**AU 18/21 Val av en representant til å skrive under møteprotokollen  
saman med styreleiar**

**AU 19/21 Orienteringssaker**



**Verneområdestyret  
Setesdal Vesthei,  
Ryfylkeheiane og  
Frafjordheiane**

**Postadresse**  
Postboks 504  
4804 ARENDAL

**Besøksadresse**  
Garaneset, 4230 Sand

**Kontakt**  
Sentralbord: +47 37 01 75 00  
Direkte: +47

www.svr.no

## Saksfremlegg

Arkivsaksnr: 2021/2424-0

Saksbehandler: Alf Odden

Dato: 22.03.2021

Utvalg	Utvalgssak	Møtedato
AU i verneområdestyret for SVR	20/21	19.03.2021

## Søknad om dispensasjon til kjentmannsturar i Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane og Fra fjordheiane landskapsvernområder, Sirdal kommune - Øvre Sirdal Leitegruppe

### Forvalters innstilling

Med heimel i kapittel 4 pkt. 5.1.a i forskrift om vern av Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvernområde og forskrift om vern av Fra fjordheiane landskapsvernområde § 3 pkt. 5.1, avslår arbeidsutvalet søknaden frå Øvre Sirdal Leitegruppa om kjentmannskøyring i verneområda. Avslaget blir grunngjeve med faren for forstyrring av villrein og raudlista rovfugl. I tillegg er ikkje søknaden i tråd med godkjent øvingsplan frå Sør-Vest politidistrikt når det gjeld talet på kjentmannsturar og køyring utanfor kvista løypenett. AU oppfordrar Øvre Sirdal Leitegruppe til å sende inn ny søknad i som ei i tråd med godkjent øvingsplan frå Politiet.

### Saksopplysningar

#### Bakgrunn for søknaden

Viser til søknad datert 04.02.2021. Av grunnar vi ikkje har funne forklaring på vart ikkje søknaden tilgjengeleg i ephorte før 10.03.2021. Viser og til vedtak i AU-sak 14/21 og 15/21. Her vart tilsvarande søknadar frå Roverenes beredskapsgruppe og Sandnes RKH avslått. Grunngjevinga for avslaget var at søknadane ikkje var i samsvar med øvingsplanen frå Politiet. AU oppmoda samstundes søkarane om å sende inn ein nye søknad i samsvar med Politiets øvingsplan.

Øvre Sirdal Leitegruppe er ein svært viktig del av beredskapen i fjellområda rundt Øvre Sirdal. Laget består av lokale frivillige mannskap, og blir ofte kalla ut på krevjande leite- og redningsaksjonar.

Søknaden omfattar kjentmannsturar i desse områda og køyrerutene:

- Fra fjordheiane (Hunnedalen Langavatn/Sandvatn/Blåfjellenden), 1 kjentmannstur
- Fra fjordheiane (Kjerag), 1 kjentmannsturtur
- Sinneskulå, 1 kjentmannstur
- Børsteinen/Grautheller, 1 kjentmannstur



- Taumevatn/Storevatn/Håheller, 1 kjentmannstur
- Svartevatn, 1 kjentmannstur
- Rosskreppfjorden, 1 kjentmannstur
- Gaukhei, 2 kjentmannsturar

Søknaden omfattar dermed 9 kjentmannsturar, mens det er opna for 2 slike turar i Politiets øvingsplan. I karta som følgjer søknaden går det fram at køyrerutene som skal følgjast, i mange høve ikkje følgjer trasane til DNT sine kvista løyper. Dette er heller ikkje i tråd med øvingsplanen frå Politiet. Det må og tilføyast at kjentmannsturane til Rosskreppfjorden og Gaukhei i hovudsak går i Agder politidistrikt, og at dette politidistriktet allereie har ein øvingsplan for desse områda.

#### Formell bakgrunn for vurdering og vedtak

- Forskrift om vern av Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvernområde av 28.04.2000
- Forskrift om vern av Frafjordheiane landskapsvernområde av 30.01.2004.
- Forvaltningsplan for verneområda i Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Frafjordheiane, godkjent 2015
- Naturmangfaldlova.
- Plan for øvingskjøring/kjentmannskjøring i Setesdal Vesthei og Ryfylkeheiane landskapsvernområde, samt Frafjordheiane 2021-2021. Sør-Vest politidistrikt 16.12.2020.
- Rundskrivet "Retningslinjer om redningstjenestens bruk av snøskuter i utmark og verneområder" Klima- og miljødepartementet 15.05.2020.

#### Heimelsgrunnlag

Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvernområde vart verna ved Kronprinsregentens resolusjon av 28. april 2000.

Føremålet med vernet er etter kapittel III i Forskrift om vern av Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvernområde:

1. Å ta vare på eit samanhengande, særmerkt og vakkert naturområde med urørte fjell, hei og fjellskogsområde med eit særmerkt plante- og dyreliv, stølsområde, beitelandskap og kulturminne.
2. Å ta vare på eit samanhengande fjellområde som leveområde for den sørlegaste villreinstamma i Europa.

Motorisert ferdsel i Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvernområde blir regulert av verneforskrifta sitt kapittel 5, punkt 5.1, bokstav a, kor det heiter at motorisert ferdsle på land er forbode. Under kapittel 5, punkt 5.3, bokstav a, heiter det at øvingskjøring i samband med mellom anna operativ verksemd krev særskilt løyve.

Frafjordheiane landskapsvernområde og dei tilgrensande naturreservata Ørestø og Migaren vart oppretta ved Kronprinsregenten sin resolusjon 19.12.2003. Direktoratet for naturforvaltning vedtok 30.01.2004 ei mindre endring i verneforskrifta

Føremålet med opprettinga av Frafjordheiane landskapsvernområde er etter §2 mellom anna:

- å ta vare på eit representativt, særprega og vakkert landskap, med bratte fjord- og dalsider via lågheiar opp til glattskurt høgfjell.
- å ta vare på vatn og vassdrag, viktige leveområde for eit særmerkt plante- og dyreliv, geologiske landskapsformer, samt beite- og stølslandskap med automatisk freda og nyare tids kulturminne.



Vidare heter det at "Allmenta skal ha høve til naturoppleving gjennom utøving av tradisjonelt og enkelt friluftsliv med lita grad av teknisk tilrettelegging".

Motorisert ferdsel i verneområdet blir regulert av verneforskrifta §3, punkt 5.1. Her heter det at motorferdsel er forbode på land og i vatn. I §3, punkt 5.3, bokstav a. heter det vidare at forvaltningsstyresmakta kan etter søknad gje løyve til bruk av båt med motor, motorkøyretøy på frosen eller snødekt mark, eller luftfartøy i samband med øvingsverksemd.

Verneområdestyret for Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Frafjordheiane har forvaltningsmynde for Vormedalsheia landskapsvernområde.

Miljøverndepartementet og Justisdepartementet har samarbeida om utarbeidinga av rundskrivet av 15.05.2020. Rundskrivet klargjer praktiske retningslinjer innanfor rammene av gjeldene lover og forskrifter som kan ivareta redningstenesta forberedende funksjonar. Rundskrivet gir ein detaljert oversikt over retningslinjene for kjentmannskøyring etter Motorferdselslova og verneførskrifter, og understrekar rammene for kjentmannskøyringa til hjelpekorpsa. Det gir og detaljerte retningslinjer for utforming av øvingsplanar og korleis kjentmannsturane skal varslast og gjennomførast. Rundskrivet legg vekt på at alle typar øvingar inn i et verneområde er søknadspliktig. Det går og tydeleg fram at øvingar som kan leggst utanfor verneområda skal leggst utanfor verneområda. Slik at øvingar i verneområda skal være strengt nødvendige.

I øvingsplanen frå Sør-Vest politidistrikt er Øvre Sirdal Leitegruppe sett opp med 2 kjentmannsturar. Dette talet på turar er i samsvar med tidlegare dispensasjonar etter verneføreskrifta. I Politiets øvingsplan går det og fram at kjentmannsturane skal følgje traseane til DNT sine kvista ruter.


## Vurdering

### *Naturmangfaldlova*

Etter § 7 i Naturmangfaldlova skal dei miljørettslege prinsippa i §§ 8 til 12 leggst til grunn som retningslinjer ved utøving av offentlig myndigheit. Forvaltningsmyndigheita må ved alle tiltak som vedkjem naturmangfaldet, vurdere søknadane etter desse paragrafane.

### *Innverknad på verneverdiar og verneføremål*

Områda ved Roskreppefjorden og vidare sørover er eit av dei aller viktigaste vinterbeiteområde for villreinstamma i Setesdal-Ryfylke villreinområde. Områda mellom Taumevatn og Hovatn er eit viktig vinterbeiteområde for villreinstamma, og har ein regelmessig bruk nærast kvar vinter. Denne arealbruken kjem tydeleg fram i når ein samanstillar GPS-plott frå tidsrommet desember-april for åra 2006-2019.



I Norsk Villreinsenters rapport Kartlegging av villreinsens arealbruk i Setesdal Vesthei - Ryfylkeheiane og Setesdal Austhei (NVS rapport 6/2010) er det registrert ei lang rekke trekkvegar for villrein mellom Gaukhei i sør og Hovatn i nord. Mellom anna vil køyrerutene det er søkt om gå gjennom trekksone Kvislevassnuten, Steinbuskardet og Andervatn/Børsteinvatnet kor det er særskilte ferdslsrestriksjonar nedfelt i verneføreskrifta.

Frafjordheiane har i liten grad brukt av villreinen dei siste 25 åra. Dette blir og stadfesta av resultatata frå NINA sitt GPS-merkeprosjekt (NINA rapport 694/2011). Her er det dokumentert at ingen av dei ni simlene som har nytta sørområde har vore i Frafjordheiane den tida dei hadde sendar (2006-2010). Heller ikkje nyare GPS data frå [www.dyreposisjon.no](http://www.dyreposisjon.no) (2011-2019) har registrert plott frå området. Ein mogleg årsak til dette er at Frafjordheiane tradisjonelt vore eit bukkeområde og at GPS registreringane i liten omfattar grad bukkar. Våren 2020 vart det observert spor etter mindre villreinflokkar ved Simleknuten og Venekvæv, rett aust for grensa til Frafjordheiane. I tråd med villreinsens sykliske områdebruk kan dette være en indikasjon på at villreinen på nytt vil ta i bruk Frafjordheiane til vinterbeite. I en etableringsfase vil det være særlig viktig at villreinen ikke møter omfattende forstyrrelser i dette området.

I Norsk Villreinsenters rapport Kartlegging av villreinsens arealbruk i Setesdal Vesthei - Ryfylkeheiane og Setesdal Austhei (NVS rapport 6/2010) er det registrert eit trekkveg vest for Langavatn, ein på Strålaus og ein ved Sandvatn. Det er og registrert trekkvegar litt lenger aust ved Halvfartjød, Dægevassbu og Heimre Dyrgråhei. Motorferdsla det er søkt om vil komme i kontakt med fleire av desse villreintrekka ved Langvatn.

Kunnskap om naturmangfaldet i området baserer seg og på Miljødirektoratet sin naturdatabase med innsyn til sensitiv informasjon ([www.naturbase.no](http://www.naturbase.no)) og tilsvarende informasjon i Temakart Rogaland og viltkart for Sirdal. Her er det registrert fleire hekkelokaliteter for hubro og jaktfalk nær dei aktuelle køyrerutene. Kunnskap om jaktfalk baserer seg og på samtale med Seniorrådgjevar Odd Frydenlund



Steen hos Fylkesmannen i Telemark, samt eit breitt utval av faglitteratur om rovfugl. Kunnskap om hubro baserer seg på Artsdatabanken sitt faktaark om hubro frå 2010. Jaktfalk er oppført som nær truga (NT) i Norsk raudliste for arter 2015, Denne arten er svært sårbar for forstyrringar i nærleiken av reirplassen. Egglegging skjer i midten av april, men jaktfalken oppheld seg i reirområdet nokre veker før dette, og blir særleg aktiv om lag tre til fem veker før egglegging. Hubro er oppført som sterkt truga (EN) i Norsk raudliste for arter 2015. Denne arten er ekstremt følsam for forstyrringar i nærleiken av reirplassen. Egglegging skjer i mars- april, men hubroen kan opphalde seg i reirområdet frå om lag 1. februar. Ut over dette er det så langt forvaltningsstyresmakta kjenner til etter søk i Naturbase, er det ikkje registrert informasjon om prioriterte arter, trua eller nær trua arter på Norsk røddliste for arter 2015 eller andre verdifulle arter. Det er heller ikkje registrert informasjon om utvalde naturtypar, trua eller nær trua naturtypar på Norsk røddliste for naturtypar 2011 eller andre verdifulle nær trua naturtypar. Det er heller ikkje komme fram andre opplysningar som tyder på at det finns slike arter og/eller naturtypar i det aktuelle område. Det må likevel på peikast at andre rovfuglartar som Kongeørn, fjellvåk og tårnfalk hekkar i dei aktuelle delane av SVR og Frarfjordheiane.

Kunnskap om kulturminne i området baserer seg på Riksantikvaren sin kulturminnebase ([www.askeladden.no](http://www.askeladden.no)). Her er det ikkje registrert kulturminne som kan ta skade av motorferdsla det er søkt om.

Kunnskapsgrunnlaget (§8) som ligg føre for å vurdere dei omsøkte tiltaka si innverknad på verneverdiar og verneføremål, må derfor vurderast som tilstrekkeleg til at forvaltningsstyresmakta kan fatte vedtak i saka. §9 om "Føre var prinsippet" vil og bli tillagt vekt i dei følgjande vurderingane.

§10 tek føre seg den samla belastninga av økosystemet i området.

For delen av søknaden som omfattar SVR ligg det 9 turisthytter, 6 statskoghytter og fleire driftehytter og private hytter etter køyrerutene det er søkt om. Det er dermed mykje motorferdsle i område frå før i samband med transport av ved og proviant til desse hyttene, samt kvisting av skiløyper mellom turisthyttene. I tillegg kjem kjentmannsturane til redningsgruppene som opererer i område. Ei opteljing viser om lag 80 årlege snøskutertransportar i denne delen av SVR. Det er også mange skiløparar som nyttar dei tre turisthyttene i vintersesongen. Vinteren 2019 var det til dømes registrert om lag 675 overnattingar på Taumevatn, 302 på Storevatn, 153 på Gaukhei og 115 på Øyuvsbu. I tillegg kjem noko dagsturtrafikk.

For delen av søknaden som omfattar Frarfjordheiane ligg det fem privat hytter i denne delen verneområdet, men det er i tillegg tre turisthytter med ein del vinterbruk. Det er noko del motorferdsle i område frå før i samband med transport av ved og proviant til dei tre turisthyttene, samt kvisting av skiløyper. I tillegg kjem kjentmannsturane til redningsgruppene som opererer i område. Ei opteljing viser om lag 40 årlege snøskutertransportar i denne delen av Frarfjordheiane. Det er også mange skiløparar som nyttar dei tre turisthyttene i vintersesongen. Kvar vinter er det registrert om lag 450 overnattingar på Sandvatn, 200 på Blåfjellenden og 150 på Langavatn. I tillegg går mange på dagstur til Sandvatn og i nærområda til hyttefeltet i Hunnedalen.

Motorferdsla det er søkt om vil medføre ein mindre auka i den totale bruken av snøskuter i landskapsvernområda. At motorferdsle er ikkje avgrensa til kvista løyper og vanlege transportruter vil medføre auka forstyrring av hekkelokalitetar for dei raudlista rovfuglartane jaktfalk og hubro. Begge desse artane oppheld seg ved reirplassen det meste av vinteren, og er i tillegg svært sårbare for forstyrring. Ei auke i forstyrring frå motorferdsel vil kunne medføre redusert hekkesuksess, og kan såleis være eit trugsmål mot desse sårbare artane.

I SVR vil den totale motorferdsle, i den aktuelle delen av verneområde, være så omfattande at den medfører forstyrringar av villreinen på vinterbeite. Motorferdsle det er søkt om vil være særleg forstyrrende i og med at den mengestader ikkje følgjer vanlege køyreruter eller kvista løyper.



Køyrerutene det er søkt om medfører og ei merkbar auke i motorferdsla i særleg sårbare trekkområde. Frafjordheiane har vært utan villrein de siste 25 årene, men nå er det indikasjonar på at dyra kan komme tilbake. I ein eventuell etableringsfase vil det være særleg viktig at villreinen ikkje møter omfattande forstyrningar i dette området.

§12 omhandlar miljøforsvarleg teknikkar, driftsmetodar og lokalisering. Øvre Sirdal Leitegruppe har ei svært viktig rolle i beredskapen i område. Forvaltningsstyresmakta har forståing for at dei har behov for å bli kjente i område, og at noko av øvingsverksemda må gjennomførast i verneområde. Ein ønskjer og å bidra til at slike øvingar kan gjennomførast utan at det kjem i konflikt med verneføremål og verneverdiar. Det er Politiet som sett rammene for kjentmannsturane i verneområda gjennom sin øvingsplan, og på bakgrunn av føringane i rundskrivet frå departementet. I denne øvingsplanen skal det være gjort ei avveging mellom dei beredsskapsmessige behova, og behova for å ta vare på verneverdiane i verneområda.

§11 legg til grunn at eventuelle kostnader ved miljøforringing skal bærast av tiltakshavar. Tiltakshavar er fullt og heilt ansvarleg for ei miljømessig god løysing.

#### *Konklusjon*

Motorferdsla det er søkt om har eit slikt omfang og utstrekking at den vil ha ein negativ innverknad på verneverdiane i Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane og Frafjordheiane landskapsvernområder, og kjem i konflikt med verneføremålet. Dette er særleg knytt til faren for forstyrring av hekkelokalitetar for raudlista rovfuglartar, samt forstyrring i viktige vinterbeiteområde og trekkorridorar for villrein. Forvaltningsstyresmakta ønskjer å legge Politiets øvingsplan til grunn for dispensasjonane som blir gitt til kjentmannsturar. Søknaden er ikkje i samsvar med Politiets øvingsplan når det gjeld tal på kjentmannsturar og køyring utanfor kvista vinterløyper. Søknaden frå Øvre Sirdal Leitegruppe blir derfor avslått.

**AU 21/21 Eventuell**